



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Øyvind Vatshelle, 5557 2178

Vår dato
29.05.2013
Dykkar dato

Vår referanse
2013/5545 520
Dykkar referanse
12/1193-

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Høyrings svar - Forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord

Vi viser til Landbruks- og Matdepartementets høringsbrev av 19.04.2013

Det er positivt med innføring av ei slik tilskotsordning, og vi meiner at den i hovudsak er lagt opp på en god måte. Fylkesmannen i Hordaland har likevel nokre innspel til endringar som vi meiner er særst viktige for at forskrifta skal fungere etter formålet, også i Hordaland. Vi tar òg med andre mindre kommentarar.

§ 1 Formål

Vi tolkar at formålet med forskrifta er å auke kvalitet på jordbruksjord og redusere faren for forureining også for grasareal. Vi vil peike på kor viktig det er å få drenert grasarealet, mellom anna for å auke kvaliteten på jordbruksjorda. Auka kvalitet er viktig for å sikre fortsatt bruk av areala, ein grunnleggjande føresetnad for mellom anna rekruttering og jordvern. Også i grasområda har ein risiko for avrenning til vassmiljø og utslepp til luft ved dårleg dreneringstilstand, særleg i samband med bruk av husdyrgjødsel. Tilskot til drenering av jordbruksjord i Hordaland vil støtte oppunder dei overordna måla om matsikkerheit, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk som er hovud som er hovudelementa i Landbruksmeldinga, Meld. St. 9, 2011-201 og også førande for regionale strategiar.

Fylkesmannen i Hordaland meiner tilskotsordningane må tilpassast slik at dei får ønska effekt også i Hordaland, jmf. kommentarar under kvar aktuelle forskrift og har fylgjande kommentar til forskrifta;

Høyringsbrev og fordeling av tilskot etter fulldyrka areal

I høyringsbrevet blir det påpeika at det er avgjerande for framtidig matproduksjon at den fulldyrka jorda har god drenering, og midla blir fordelt til fylka etter dekar fulldyrka areal.

- I yre strøk av Hordaland kan overflatedyrka jord ha same dreneringssystem, same dreneringsbehov og lik drift og produktivitet som fulldyrka jord. Ein underliggjande fjellrygg i elles djup myrjord kan gjere at store delar av teigen blir definert som overflatedyrka jord, til tross for at det er djup myrjord med drift som fulldyrka jord. I Hordaland (og Vestlandet) vil overflatedyrka jord i desse tilhøva vere like viktig som fulldyrka jord i høve til både jordbruksproduksjon, jordkultur og avrenning.
- Andre areal med overflatedyrka jord har ikkje vore drenert tidlegare, og er mindre aktuelt å drenere, mellom anna sidan arealet blir beita og ikkje slått.

Konklusjon: Vi meiner det også ein vere fokus på drenering av overflatedyrka jord der det er behov for dette, og der tiltak kan gi auka jordbruksproduksjon. Dette gjeld både ved omtale av forskrifta og ved fordeling av tilskot. Vi foreslår at overflatedyrka jord frå 2014 blir tillagt halv vekt ved tildeling av midlar til fylka.

§ 4 Berekning av tilskot

Om berekning av tilskot

- Vi stiller spørsmål til at sjølve tilskotssatsane er med i forskrifta då dei bør vere mogleg å endre desse etter erfaringar, utan for komplisert prosess.

Konklusjon: vi meiner at kronesatsane bør komme fram frå rundskriv eller på anna måte, heller enn å bli oppgitt i sjølve forskrifta.

Første ledd, første setning: «Tilskudd til drenering av jordbruksjord, avgrenset til systematisk grøfting, profilering og omgraving utgjør 1 000 kroner per dekar.»

- Vi ser det som særst viktig at det kan bli gitt tilskot til ulike metodar for drenering, alt etter kva metode som vil gi best resultat ut frå dei praktiske tilhøva.
- Ved systematisk drenering vil foreslått tilskotssats utgjere ca. 8-12 % av kostnadane. Vi har grunn til å tru at dette er for låg sats til å bidra til meir systematisk grøfting i Hordaland enn det som alt blir utført. Standard kostnadsoverslag ligg på ca. 10 000 kr/daa, og erfaringar kan tyde på frå 8 000 til 13 000 kr/daa under normale tilhøve i Hordaland.
- Utan at vi har tal for profilering og omgraving reknar vi med at kostnadene for slike tiltak også er så høge at tilskotssatsen bør aukast tilsvarende.
- Låg tilskotssats kan gje større fare for at løyvde prosjekt ikkje blir realiserte, og at midla ikkje blir brukt.
- Kostnaden ved systematisk drenering er direkte knytt til tal meter ein grøfter, ikkje til tal daa. Dersom ein heller betalar tilskot per meter, vil storleiken på tilskot i større grad samsvare med storleik på kostnadane. Noko av årsaken til høg kostnad per dekar under våre tilhøve er at ein må ha tett mellom grøftene (6-8 meter) der det er mykje nedbør og tett jord.

Konklusjon: Vi meiner at tilskot til systematisk grøfting bør bli gitt med sats per meter. (Dersom dette ikkje blir gjort meiner vi at dekarsatsen for systematisk grøfting må aukast til 2 500 kr for at forskrifta skal fungere etter formålet.) Tilskotssatsen til profilering og omgraving må aukast tilsvarende.

Første ledd, andre setning: «Ved annen grøfting kan det gis 10 kroner per løpemeter grøft begrenset oppad til 1 000 kroner per dekar.»

- Ved usystematisk grøfting med røyr vil foreslått tilskotssats utgjere om lag 10-11 % av kostnadane på 90-100 kr/meter. Vi har grunn til å tru at dette er for låg sats til å bidra til meir drenering i form av lukka grøfter i Hordaland. Kommunalt grøftetilskot i Austrheim har til samanlikning godkjent kostnader inntil 90 kr/m og betalt 45 kr/m i tilskot.

- Nokre av årsakene til at det normalt blir høge kostnader per meter under våre tilhøve er:
 - Ein må alltid bruke gravemaskin, då det ikkje er tilhøve for å bruke enklare dreneringsmetodar med rådalshjul eller kjedegraver. Teigstorleiken gjer at det i tillegg blir mange korte strekk.
 - På myrjord er det ein stor jobb med å stabilisere grøftebotn, og det er behov for stabile røyr. Ein har erfart at 50 mm røyr frå kveil (ca. 9 kr/m) lett får vasslås eller går fulle av slam. På ustabil grøftebotn er det vanleg og tilrådd å bruke stive røyr med større dimensjon, minst 75 mm (ca. 21 kr/m), som også har dobbel vegg og mindre tilslemming.
 - Område med mineraljord har oftast mykje stein, som gir fordyrande graving og rydding.
 - Oftast er det mest kostnadseffektivt med reparasjon av grøftesystem, ikkje systematisk grøfting. Det er da ekstra arbeid med tilpassing til eksisterande røyr og steinsette grøfter.

Konklusjon: Vi meiner at tilskotssatsen til lukka grøfter må aukast til 23 kr/meter, som vil utgjere ca. 23-26 % av standard kostnadsoverslag per meter ved tiltak i Hordaland. Ein slik tilskotssats vil under våre tilhøve om lag dekkje kostnader til røyr, medan brukaren sjølv må koste filtermasse og graving.

Andre ledd: «Beregnet tilskudd under 5 000 kroner per søknad utbetales ikke.»

- Vi er einige i det ikkje bør betalast ut tilskot under kr 5 000
- Med foreslått tilskotssats på 10 kr/m, må ein ha meir enn 500 meter grøft for å kunne få tilskot. Der det er tilstrekkeleg med reparasjonsdrenering ser vi at mange tiltak er mindre omfattande enn dette. Ordninga blir difor lite relevant for mange av kommunane i Hordaland^{1 2}.
- Sjølv relativt korte grøftelengder kan ha viktig effekt for dreneringa. Tiltak vi har sett på frå 2012 viser at kvar 100 meter grøft i snitt gir god drenering på 2-3 daa, men opp mot 4-5 daa. Slike mindre areal kan vere viktige også for å få god arrondering på teigar.

Konklusjon: Vi meiner at tilskot under kr 5 000 ikkje bør bli utbetalt, men at ein likevel må inkludere tiltak med mindre enn 500 meter grøftelengd. Ved endring av satsane per meter lukka grøft til 23 kr/m vil minsteavgrensinga svare til 217 meter grøft. Vi har grunn til å tru at slik grøftelengde kan utløyse god drenering på til dømes 4-7 daa, og i mange tilfelle meir.

Oppsummering av § 4

- A. Med forslaget om låg sats på grøfting er vi redde for at tilskotet ikkje vert utløysane for å få igang drenering på vassjuk jord. Det er fare for at ein ikkje oppnår meir drenering samstundes med at store areal har dreneringsbehov og det er sett av pengar til arbeidet. Minsteavgrensing på 500 meter grøft kan også bidra til denne situasjonen.

¹ Blant 10 søknader på kommunalt tilskot til drenering i Austrheim i 2012 og 2013 var 9 stk under 500 meter. Dette til tross for at Austrheim er den kommunen i Hordaland som i følgje Landbruksundersøkinga 2010 hadde størst areal med dreneringsbehov per føretak.

² Fylkesmannen i Hordaland organiserte tilskot til drenering i 2012 finansiert av Hordaland fylkeskommune. Vi satt då minstegrense på 400 meter. Blant 28 innkomne søknader var 1/3 mellom 400 og 500 meter, og mange tok kontakt for saker under 400 meter.

- B. Vi meiner at tilskotet bør dekke minst 20-25 % av kostnadane for å ha utløyssande effekt, og dermed høgare satsar enn dei som er foreslått. Dette vil også føre til at nokre tiltak med mindre enn 500 meter grøft kan få tilskot.
- C. Vi ser det som viktig at ordninga er enkel å forvalte, og støtter difor framlegg om faste satsar, heller ein prosentsats av kostnadsoverslag.
- D. Med dei føreslåtte faste satsane vil ein få store delar av kostnaden dekkja der tilhøva for drenering er enkle. Dette må ein likevel akseptere for å få ei ordning som fungerer der drenering er kostbart. Alternativt kan ein opne for at Fylkesmannen og/eller kommunane kan vedta lågare satsar når dette er hensiktsmessig etter tilhøva omtalt over.
- E. *Fylkesmannen i Hordaland foreslår at satsane ikkje blir fastsatt i forskrifta, men i rundskriv og at dei blir endra til å vere:*

<i>Profilering og omgraving:</i>	<i>til dømes 2500 kr/daa</i>
<i>Grøfting med røyr (systematisk og usystematisk):</i>	<i>23 kr/meter</i>
<i>Anna grøfting (opne grøfter, avskjæringsgrøfter):</i>	<i>10 kr/meter</i>

*Anten som faste satsar eller inntil desse beløpa.
Berekna tilskot under kr 5 000 blir ikkje utbetalt.*

§ 7 Uttalelser

«Kulturminnemyndighet (kulturminneforvaltningen i fylkeskommunen og Sametinget) skal uttale seg når tiltaket kan berøre interesser innenfor deres fagområder.»

- Det er uheldig at det kan ta inntil 3 månader å få svar i saka etter kulturminnelova.

Konklusjon: Handsaming hos ein ekstra instans kan ta tid og vere med å forsinke igangsetting, det vil difor vere viktig å sette krav til rask sakshandsaming i saker som krev uttale frå kulturminneforvaltninga.

Med helsing

Ole Bakkebo
Landbruksdirektør

Åse Vaag
Ass.landbruksdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.